

ARBEIDSGRUPPE 36

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune
Tiltaksrapport



1 Mandat og rammer

I arbeidsgruppe 36 har ein sett på kostnader knytt til drift og vedlikehald av vegar, tilskot til private vegar, maskinpark m.m.

2 Organisering og gjennomføring

Navn	Tittel	Arbeidsgruppeleder
Tone Nervold Midtbø	Avdelingsingeniør veg, vatn og avløp	Leiar
Kjetil M. Vaagen	Konst. Kommunalsjef TDI	Deltakar
Tor Gunvaldjord	Oppsynsmann veg	Deltakar

Arbeidsgruppen har i perioden avhalde fleire møter. Ein har gått gjennom og identifisert områder for effektivisering og kutt. Ein har og prøva å finne grunnane til avvik på KOSTRA tall sett opp mot samanliknbare referansekommunar.

3.0 Utredning

På kommunale vegar ligg kommunen omtrent på nivå med øvre kommunar, men noko høgare enn landsnittet. Det er truleg noko krevjande å direkte samanlikne kommunar på dette fagfeltet då vegstandard, bustadtetthet og vintervedlikehald er faktorar som varierar sterkt frå stad til stad. Gruppa har likevel sett på ulike områder og forsøkt å identifisere moglege effektiviseringstiltak og kutt.

3.1 Beskrivelse tiltak

Drift og vedlikehald av kommunale vegar vert utført både av eige mannskap, samt ein del innleige. I hovudsak leiger ein brøyting, men i Åmot sentrum vert ein del utført i eige regi. På bakgrunn av meir variable vintrar mht. snø, samt auka kostnader på mellom anna driftstoff, maskiner m.m. er det liten grunn til å tru at prisar på spesielt vintervedlikehald vil bli redusert framover.

Med ein stor kommune med spreidd busetnad er det og krevjande og redusere vedlikehaldet. Ein har difor sett på tiltak som reduserar kostnadsnivået utan at det går på bekostning av framkommelegheit og kvalitet.

3.2 Konsekvenser av tiltak

Foreslåtte tiltak vil ha mindre konsekvensar for innbyggjarane mht. kvalitet på framkommelegheit på vegar. Foreslåtte tiltak vurderast som forsvarlege og med låg risiko.

3.3 Etc

Oppsummerende tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Fjerne tilskot private vegar.	300 000,- pr år.
2. GS-veg haddland – Fylkeskommunal overtaking.	Må sjekkast opp mot mva. Vil medføre ein besparelse når fylket overtar denne.
3. Privatisering av Vegen til Gjevervatn.	Vegen har ingen fastbuande i Vinje kommune og Seljord kommune står for drift og vedlikehald. Dei fakturerar Vinje kommune for delar av dette. Ikkje store beløpet i dag, men kan auke med nye brøyteavtaler.
4. Bompenger Kråmvikvegen	Veglag eller kommunen som eigar.

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	
			<i>Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert</i>
1. Fjerne tilskot private vegar	300	300	Politisk vedtak.
2. GS-veg Haddland	0	0	Føresett godkjenning mht. mva
3. Privatisering av vegen til Gjevarvatn	0	40	Kan bli langt dyrare med framtidig brøytekontrakt.
4. Bompengefinansiering av Kråmvikvegen	0	200	Politisk vedtak

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

Det er eit betydeleg potensiale for innsparingar innanfor ein del av fagfelta. Dette avhenger av politiske vedtak og samarbeid med andre einingar.

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Fjerne tilskot private vegar	- Auka kostnader for fastbuande. - Redusert vedlikehald kan medføre vanskelegare tilkomst til bustadar, fritidsbustadar og landbruk, - Nødetater kan få dårlegare tilgang.
Bompengefinansiering av Kråmvikvegen.	- Finansiering av drift og vedlikehald. - Kan gi bedre vegstandart. - Noko auka kostnadar for innbyggerar og besøkande. - Kan gi noko redusert trafikkmengde.

Beløp i 1000 kr	2027	2028	2029	2030
1. Fjerne tilskot private vegar	300	300	300	300
2. GS-veg Haddland	0	0	0	150
3. Privatisering av vegen til Gjevarvatn	40	40	40	40
4. Bompengefinansiering av Kråmvikvegen	0	200	200	200



VINJE